

**75 000 til Helgheim frå sparebankstiftinga**

**30.05.2012**



Ungdomslaget har all grunn til å heisa flagget etter tildelinga (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal Ungdomslag fekk i kveld 75 000 kroner til nytt sanitæranlegg i Helgheim under utdelinga av gåver frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad. Under mottok Håvard Eik gåva av Åsmund Kåre Rørvik. Gåvene går til lag og organisasjonar i Kvinnherad, Odda og Stord.**

I denne omgangen vart det fordelt 1,25 millionar til 33 lag og organisasjonar medan det kom inn 67 søknadar om tilsaman 7,5 millionar.

Tildelingane gjekk føre seg i Kulturhuset på Husnes der styreleiar Svein Arne Eidsvik påpeika den store spennvidda blant søkjarane, frå barnehagenivå til til aktivitetar for eldre. Tildelingane gjenspeglar dette og også den geografiske fordelinga er god.

Dei største gåvene gjekk til Rosendal Turnlag, Rosendal Musikklag og Trio med 150 000, 100 000 og 210 000, Herøysund Bygdalag fekk 50 000 til opprusting av grendahuset



(Foto:Kristian Hus)